


LOKALSAMFUNNET SOM KREATIV ALLMENNING?

Ein rettleiar av Dag Jørund Lønning



VESTLANDSK
VIDSYN

INNLEIING OG BAKGRUNN

Denne rettleiaren byggjer på eiga erfaring gjennom snart 20 år med forskning og utviklingsarbeid for å fremja nyskaping, nærings- og bygdeutvikling. Tilnærminga og modellen som blir presentert i rettleiaren har gradvis vakse fram i eit nært samspel mellom praksis og teoriutvikling. Ei sentral målsetjing har heile tida vore å utvikla kunnskap for utvikling, kunnskap som kan nyttast aktivt i lokale og regionale freistnader på å skapa positiv endring nedanfrå.

Tilnærminga har ved fleire høve vore titulert som *bygdeutviklingsforskning* eller skapande forskning¹, ikkje minst for å synleggjera skilnaden i forhold til meir distanserte og deskriptive tilnærmingar.



Samtidig ligg det og eit djupare eksistensfilosofisk perspektiv til grunn. Dette handlar om det kravet til aktiv, viljande og medviten handling som ligg på oss alle som lokale menneske med ønskje om at lokalsamfunnet vårt skal ha ei positiv framtid. Den språklege opposisjonen ”å verdiskapa versus å bli verdiskapt” oppsummerer denne fordringa. Me menneske har enorm fridom til å skapa og endra, men denne fridomen kan berre realiserast gjennom aktiv handling for verdiskaping. Dersom me ikkje grip denne fridomen, står det veldig mange andre klare til å velja *for* oss. Desse ”andre” representerer verdiar som sjeldan er våre eigne eller lokalsamfunnet vårt sine. Kierkegaard sa dette på følgjande måte: ”Det at ikke velge er også et valg!”.

Denne rettleiaren syner døme på korleis me gjennom aktiv inngripen i og påverknad av våre nære omgivnader kan vera med og nyskapa/endra lokalsamfunnet i tråd med våre eigne interesser, verdiar og ønskemål. Stor vekt er lagt på utfordringa det er å mobilisera i ei tid prega av større verdimangfald enn nokon gong før. Modellen som blir presentert har synt seg å verka, men berre dersom ein klarar å sjå staden som noko alltid uferdig, noko spennande og attraktivt som *kjem til syne* gjennom vilje til å sleppa til det nye og mangfaldige og la dette få utviklingsrom. Det nye blikket skal ikkje erstatta det råddande, men i staden fungera som ei vedvarande utviding av kva staden er og kan brukast til. Lukke til!

Dag Jørund Lønning

Bygdeutviklingsforskar og rektor ved Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling

¹ Sjå Lønning, Dag Jørund 2011: *Den skapande forskaren. Teoretiske, metodiske og strategiske fundament for ei utviklingsretta forskarrolle*. Tapir akademisk forlag.

Bonde tyder den buande. Den buande kan berre eksistera gjennom også å vera den skapande.

Me må læra av bonden

Lokalsamfunnsutvikling er ofte prosjektorganisert. Prosjektet varer i ein avgrensa periode, gjerne eitt til fem år. Så er midlane borte.

Me har svært mange døme på ikkje-bærekraftige utviklingsatsingar som meir eller mindre forsvinn den dagen sluttrapport for prosjektet er fylt ut og sendt inn. Den reelle utfordringa handlar difor om å gjera sosialt, kulturelt og økonomisk verdiskapingsarbeid til vedvarande aktivitetar, til ein del av lokal kultur og veremåte.

Den tradisjonelle berebjelken i bygda, landbruket, er bygd opp rundt årlege syklusar. Våronna må takast på skikkeleg vis kvart år. Ein lyt så før det kan haustast. Dette er ein god metafor for kva det vedvarande handlar om. Det veksande som symbol og målsetjing kan berre realiserast gjennom aktiv og vedvarande innsats. Bonde tyder *den buande*. Den buande kan berre eksistera gjennom også å vera den skapande.

Me må læra av bonden, me må gjera den alltid naudsynte og tilbakevendande våronna til ei kjelde til glede, forventning og kreativitet. Amor Fati – *Elsk lag-naden din* – sa Nietzsche til oss.² La oss finna gleda i vårt daglege virke, slik også bonden gjer det.

Korleis får me då samtidsmennesket til å stilla opp og medverka i ein slik lokal verdiskapingskultur og -praksis?

² Sjø Lønning, Dag Jørund 2010: *Kva er nyskaping? Om fridom, skaparglede, framtid og fellesskap*. Boksmia forlag.



MOBILISERINGSUTFORDRINGAR I EI INDIVIDFOKUSERT SAMTID

Enkelt har det aldri vore å mobilisera rundt lokale, ”felles”, verdier. Kanskje er denne utfordringa større enn nokosinne. Lokalsamfunnet tjue år tilbake var litt mindre komplekst. Globalisering og auka mobilitet har gjort noko med oss. Ikkje berre har lokalsamfunn blitt meir kulturelt mangfaldige i samansetjinga, men me ”langtidslokale” har og endra oss. Me reiser meir, mediesamfunnet gjev oss heile verda inn i stova, og i cyberrommet rører me oss som om det lokale ikkje eksisterer. Det går svært så fint an i dag å bu ein stad utan nærast å delta i kollektive aktivitetar i det heile:

Frank til naboen Line:

Så du har vore på dugnad for ungdomslaget i dag igjen? Ja, ja, bra at nokre orkar. Sjølv trivst eg best framfor TV. Kvar sin smak, så det heiter...

At Line blir provosert av dette er forståeleg, men kva type sanksjonar sit ho eigentleg på? Kva skal me eigentleg seia til naboen vår som trekkjer gardinene godt føre og føretrekkjer godstolen der me møter opp på dugnad og frivillig arbeid? I dømet over, representerer Line ein sentral samtidsverdi, eller kanskje rett og slett ein evig menneskeleg verdi, draumen om fellesskap. Samtidig må nok Line vedgå at også Frank uttrykkjer ei rådande kollektiv orientering; individuell friedom og rett til å bestemma til kva og korleis ein skal disponera eiga tid.

Er dette dilemmaet uløyseleg?

DET NYE PERSPEKTIVET ER ALLTID SKAPANDE

I eksempelet med Line og Frank tenderer nok dei fleste av oss til å ”halda med” Line. Ho representerer ein godt innarbeidd mal for kva lokal deltaking handlar om. Men kan me vera sikre på at Frank ikkje ønskjer å medverka lokalt berre fordi han ikkje passar inn i denne modellen?

Det finst truleg veldig mange menneske rundt omkring i norske lokalsamfunn som eigentleg ønskjer å medverka til lokal utvikling, men som ikkje føler at rådande organisasjonsbaserte strukturar for mobilisering og deltaking høver.

Å lukkast med lokal utvikling i dag handlar om å opna opp for det nye og ofte uventa perspektivet på kva det lokale er og korleis det lokale ressursgrunnlaget kan nyttast. Det nye perspektivet kjem ikkje i staden for det eksisterande, det kjem som eit nytt og skapande tillegg. Det representerer ei ny tilnærming til det lokale. Korleis tenkjer eigentleg Frank rundt eige lokalsamfunn? Dersom han vart utfordra, korleis vil han skildra seg som ”lokalt menneske”? Korleis oppfattar tenåringen, som representant for ein generasjon som sjeldan blir inkludert i lokal mobilisering, staden sine potensial?

Tradisjonar kan berre halda fram med å eksistera gjennom å endra seg, heiter det i eit gammalt austleg ordtak. ”Det vedvarande” er å heile tida få auga på noko nytt. Til det treng me også Frank, tenåringen, tilflyttaren, fritidsbuaren. Det er desse som ser forbi våre etablerte oppfatningar og modellar. Staden er ein prosess som heile tida blir til. Dersom store grupper blir ekskluderte i denne prosessen skaper me knappast attraktive stader å bu og verka.

DET LOKALE IDENTITETSARBEIDET

Samtidig byggjer all mobilisering på målsetjingar, på ei form for semje om t.d. milepælar, arbeidsmåtar, verdiar, ressursgrunnlag. I det mangfald av inntrykk og uttrykk som utgjer eit lokalsamfunn, er det lite sannsynleg at slik ”semje” eksisterer i seg sjølv. Den må skapast. La oss kalla denne fasen for ”identitetsarbeidet”.

Som folkeomgrep er *identitet* av nyare dato. I vår samtid har fotballklubbar identitet, det same har organisasjonar og arbeidsplassar. Vår identitet er basert på våre val av noko framfor noko anna. *Slik* ønskjer me å framstå, *desse* ressursane ønskjer me å arbeida med i komande periode, *dette* skal vera kjernebodskapen vår.




Den norske antropologen Fredrik Barth var den første som viste at identitet er eit produkt av kontakt, ikkje av isolasjon.³ Det er i møtet med ”den andre” at me er mest opptekne av kven me sjølve er. Enkle døme kan handla om vår identitetsforvaltning som ”norske” når me reiser utanlands, eller vårt fokus på vår lokale/regionale ”identitet” når me flyttar til storstaden. Vår hovudstad Oslo, har massevis av lag og foreiningar som er bygde rundt denne leisten.

I vår raskt endrande globaliseringstid er møtet med det nye/andre gjort til normaltstand og ”identitetsforvaltning” gjort til vedvarande krav til den som vil hevda seg som lag, organisasjon eller ”attraktivt lokalsamfunn”. Ein *positiv identitet*, i den/det andre sine auge, kjem her ikkje av seg sjølv, men er eit produkt av aktivt arbeid med å styra korleis me sjølve vil framstå og korleis me vil bli oppfatta av andre. Samtida stiller krav om at me er ”synlege”, at me får fram vårt eige ”særpreg”, at me viser omverda eit tydeleg lokalt andlet.

KULTURØKONOMI SOM STRATEGI

Som utviklingsstrategi handlar *kulturøkonomi* om det å kunna kombinera arbeidet for trivlege og attraktive lokalsamfunn med kollektivt identitetsarbeid og næringsutvikling. Berebjelken er det lokale engasjementet

³ Sjå Barth, Fredrik (red.), 1969: *Ethnic groups and boundaries. The social organization of ethnic differences*. Universitetsforlaget.



for eigen stad. Innanfor kulturøkonomien spør ein difor om våre eigne lokale engasjement og ressursar kan utviklast i retning tiltak, produkt og tenester som også vil ha ekstern interesse og appell.

Starten på ein kulturøkonomisk prosess vil vera å leggja eit positivt og offensivt tankesett til grunn. Kan ein koma fram med kreative svar på følgjande spørsmål, er ein godt i gang:

- *Kva er det spesielle og særprega ved vår stad?*
- *Kva er det me har her av ressursar som menneske i dag søker?*
- *Korleis kan me gjera oss nytte av slike ressursar?*
- *Kven er det som sit på denne kunnskapen?*
- *Korleis kan me samarbeida lokalt for å utnytta slik kulturell kapital?*
- *Kven kan me knyta oss opp mot utanfor lokalsamfunnet vårt for å få hjelp til å utvikla desse ressursane?*

Den primære målsetjinga er å skapa ein stad der menneske trivst, der ein får rom til å delta og å medverka, og, ikkje minst, definisjonsrett når det gjeld kva sider ved lokal kultur og identitet som nyttast utetter i forteljinga om staden og det denne kan tilby den fastbuande, fritidsbuande og tilreisande. Kulturøkonomi er såleis stad- og næringsutvikling i eitt.



ELDSJELER ER NØDVENDIGE, MEN DEI KAN IKKJE BÆRA STADEN ALEINE

Arbeidet kan likevel ikkje lukkast utan brei lokal legitimitet. Eldsjeler er nødvendige, men nokre spesielt engasjerte enkeltmenneske kan ikkje aleine bæra satsinga over tid. Dei verdjar, ressursar eller symbol ein arbeider for å leggja til grunn må vera opne nok til å femna om store delar av det kulturelle og generasjonsmessige mangfald som eit kvart lokalsamfunn er. Denne *breie deltakinga* kjenneteiknar stader som lukkast med stad- og næringsutvikling og blir kjende utetter som dynamiske og attraktive.

Ein reell kollektiv modell opnar – også i praksis – for at mange ulike aktørar og interesser kan nytta det lokale ressursgrunnlaget til både kollektive og private føremål. Det attraktive lokalsamfunnet *kjem heile tida til syne* for oss gjennom dei nyskapande og gjenskapande samanhengar handlande aktørar set det lokale inn i. Eit attraktivt lokalsamfunn er ikkje merkevarebeskytta fortid men eit uttrykk for samtidige behov og prioriteringar.

Det attraktive lokalsamfunnet som prosess kan her samanliknast med den prosessuelle utviklinga av dataprogrammet med open kjeldekode. På eitt kollektivt nivå; dess fleire som medverkar i utviklingsarbeidet dess betre. Den enkelte medverkar likevel ikkje primært utifrå altruisme eller sterkt utvikla dugnadsand, men fordi programmet/ressursen også kan nyttast i egne prosjekt. Den enkelte programutviklar har såleis sjølvstendig interesse av at programmet blir så bra som råd.

Vellukka kulturøkonomiske satsingar er kjenneteikna av eit kreativt vinn/vinn-samspel mellom individ og kollektiv, eller, sagt med andre ord, mellom produksjon og vedlikehald av fellesgode og kreativ bruk av desse i meir private/individuelle verdiskapingsprosjekt.

KVEN ER AKTØRANE?

Det er ikkje nok å "satsa på dei som vil noko" dersom dette berre betyr dei som på førehand har klare og tydelege definisjonar på og oppfatningar rundt korleis staden og denne sine ressursar skal definerast og brukast. Viljekraft er avgjerande i vellukka lokalsamfunnsutvikling, men då meir som vilje til å skapa og endra.

Det er heilt avgjerande for å lukkast at *ikkje* etablerte sanningar blir lagt til grunn for mobiliseringsarbeidet. Me kjenner desse, og dei sanningar som framleis "verkar" tek me uansett med oss vidare. Men det me no ser etter er likevel *det nye* blikket, det blikket som ser det ingen av oss har tenkt at vårt felles lokale ressursgrunnlag kan nyttast til.

Me må læra oss å sjå dei mange og gjerne motsetnadsfulle historiane om staden som utviklingsressursar. Ingen enkeltaktør sit på "sanninga" om kva staden er eller skal vera. *Semje* må alltid vera resultat av mangfald, av opne og inkluderande prosessar.

Når kreativitetsforskar Edward de Bono snakkar om *lateral tenking* som den kreative måte å tenkja på,⁴ er fokuset nettopp på å få fram dei nye perspektiva, ikkje på å erstatta dei etablerte. Me lever fint med at tankar, målsetjingar og idear får eksistera side ved side som ulike perspektiv, seier han, og me *må* leva med dette om me ønskjer nyskaping.

Slik er det og på aktørsida. Me skal ha med oss dei etablerte og tradisjonelle (dette vere seg etablerte lag og organisasjonar eller engasjerte enkeltmenneske), men me bør og arbeida aktivt for å få dei nye blikka: ungdomen (korleis ser tenåringen på det lokale ressursgrunnlaget?), den nyleg innvandra frå eit anna land, fritidsbuaren, han me møtte som "Frank" over, og alle dei me elles ikkje ville tenkt på..

Når den vesle kommunen Hamarøy i Nordland lukkast med å få det nasjonale Hamsunsenteret etablert på eigen grunn, er mykje av forklaringa langvarig

⁴ Bono, Edvard de, 1994: *Parallel Thinking. From Socratic Thinking to de Bono Thinking*. Viking.



og ope mobiliseringsarbeid rundt Hamsun som ressurs.⁵ Det har aldri vore ei målsetjing å teikna noko idealbilete av forfattern, men heller å få med så mange blikk som råd, ”positive” så vel som ”negative”. Felles for dei baa er eit aktivt forhold til Hamsun, ressursgrunnlaget i dette tilfellet. Blikket som såg ”verdas største forfattar” og blikket som såg ”nazisten og landsforrædaren” har baa blitt representerte gjennom jamnlege Hamsundagar og andre Hamsunrelaterte arrangement opp gjennom åra. Slik skaper ein breitt engasjement, og slik *veks* ressursgrunnlaget.

OGSÅ HUMANKAPITAL MÅ FORVALTAST

Omgrepet eldsjel er 2500 år gammalt. Det har opphav i endringstenkjaren Heraklit og hans bilete av det brennande som det nye sitt opphav. Eldsjeler er engasjerte menneske, menneske som står i brann. Når eldsjela brenn kan store ting skje i lokalsamfunnet! Samtidig veit me at all eld treng nøring: når det held på å brenna ut i omnen lyt me leggja på meir ved. Det er ikkje annleis med den brannen som held eldsjela i gang. Det er alle me andre som må stilla opp med denne ”veden” gjennom å visa at me legg merke til og sett pris på det arbeid eldsjela legg ned. Når ”eldsjela brenn opp” skuldast dette at ein ikkje føler seg sett og/eller sett pris på.

⁵ Sjø Lønning, Dag Jørund 2009: *Ringar i vatnet. Innlevingsøkonomi i det kulturelle hamsunlandskapet Hamarøy*. Segelfoss forlag.



Det ”å sjå kvarandre” er naudsynt i alt utviklingsarbeid. Dette er meir krevjande enn det kan hende høyrest ut, ettersom det stiller krav til at me alle gjer ein aktiv innsats for å registrera og berømme andre sine bidrag til stad- og fellesskapsutvikling. Også dei som deltek på andre måtar enn det som er vanleg lokalt må sjåast, inkluderast og gjevast aktiv tilbakemelding om at me set pris på innsatsen deira.

Sjølv om me lever i ei tid som dyrkar individuell autonomi og fridom er me framleis menneske, altså sosiale vesen. Me ønskjer å bli sett og inkluderte. Det å arbeida med utviklinga av ein lokal kultur for å sjå og setja pris på andre menneske sine bidrag til eit godt og attraktivt lokalsamfunn, må bli høgt prioritert i alt utviklingsarbeid. Utan ein slik kultur og praksis vil me aldri oppnå den breie deltakinga som me både ønskjer og er avhengige av for å lukkast med våre kollektive mål. Som all annan kapital må også humankapital forvaltast.⁶ I lokal utvikling er denne den viktigaste, men også den me lettast gløymer.

DEN VIKTIGE MILJØ- OG TRIVSELSFAKTOREN

Eit lokalmiljø som er ope for endring og verdiskaping kjem ikkje av seg sjølv. Gjennom mange års arbeid med bygdeutvikling over heile landet har eg vore innom bygder der det å utfordra dei etablerte sanningane er sett på som både naturleg og ønskt. Nyskaparar og endringsprodusentar fortel her

6 Sjå Lønning, Dag Jørund, Johan Barstad og Rhys Evans 2012: *Tilflyttarar til utkant-Noreg? Tilflyttingsbygda Finnøy viser veg*. HLB Rapport nr 2.



om lokalmiljø som stiller seg bak og samarbeider med endringskrefter. Men eg har og vore innom bygder der det verkar som at stoda på det næraste er motsett. Historia til dei som prøver å skapa endring er her særst annleis, og ein fortel om krefter som aktivt motarbeider ein kvar freistnad på å sjå annleis/nytt på staden og denne sine ressursar.

I sistnemnde lokalmiljø krev det å vera endringsagent ei evne til ikkje å bry seg om kva andre seier. Få av oss har denne evna, og særleg attraktive lokalsamfunn blir det heller ikkje av at nyskaparane ”putlar med sitt” isolert frå resten.

Kva er det som gjer at den vesle bygda Voss har produsert meir enn 80 gullmedaljevinnarar i VM og OL dei siste tiåra? Den viktigaste årsaka er at det eksisterer ein kultur for å lukkast og prestera på idrettsfeltet, viser eit svært spennande studentprosjekt gjennomført av studentar ved HLB og HiL.⁷ Denne prestasjonskulturen gjennomsyrer bygda og er med på å byggja opp ei sterk meistringstru; ei tru på at ting let seg gjera og at *eg* òg kan vera med.

Det å byggja opp meistringstru og ein kultur for å skapa og prestera rundt dei ressursar og verdiar me legg til grunn for eigne utviklings- og mobiliseringsprosjekt er naturlege målsetjingar for ”attraktive lokalsamfunn”.

⁷ Sjå Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling og Høgskulen i Lillehammer, (kjem 2012): *Med gründerblikk på bygderessursar. Høgskulestudentar skriv om entreprenørskap i bygdemiljø. HLB Rapport nr 3*



FRØET OG FRUKTA

Alle forbrukande tilskodarar trur at treet var oppteken av frukta; men det var i røynda oppteken av frøet. Her ligg skilnaden mellom alle dei som skaper og alle dei som berre forbrukar.

Gjennom dette biletet vil den filosof som har sagt mest om det nyskapande mennesket, Friedrich Nietzsche fortelja oss noko grunnleggjande om kvar det verdfulle kjem frå.⁸ Nietzsche såg tidleg at me var på veg inn i ei tid prega av ekstrem "produktfetisjisme". Den økonomiske innovasjonsterminologien rundt "produktutvikling" er tilsynelatande fullstendig dominerande i samtida, også i diskursen om bygda. Dei fleste offentlege støtteprogram har den same vinklinga.

Det er ei rekke problem knytt til ei slik vinkling. Når fokuset utelukkande ligg på produktet, vert mykje anna verdfull verdiskaping meir eller mindre usynleg. Sjølve omgrepet verdiskaping femnar om ei rad ulike aktivitetar i eit samfunn, mange av desse er sosiale og kulturelle. Og sjølv når me avgrensar oss til økonomisk verdiskaping, er dette omfattande prosessar der det ferdige produktet berre utgjer ein sær s avgrrensa del. Den som brenn for sjølve prosessen – det skapande – oppfattar ikkje nødvendigvis produktet som målet. Det er sjølve det å skapa, det å setja sitt eige merke på sine omgivnader og kjenna desse som personleg meiningsfulle, som vert det vesentlege.

⁸ Henta frå Lønning, Dag Jørund 2010: *Kva er nyskaping? Om fridom, skaparglede, framtid og fellskap*. Boksmia forlag.

Å flytta fokuset frå frukta til frøet tyder å leggja best mogleg til rette for den skapande prosessen. Det tyder å halda denne open, og det tyder å oppmoda flest mogleg om å bli med. Det Nietzsche seier over er at frøet må gjevast forrang i eit verdiskapande samfunn. Det er slik me sikrar brei deltaking og trivsel. Men også når næringsutvikling er målet må det vera mange som sår før nokre kan hausta. Lokalsamfunnsutvikling handlar primært om å så, men gode frø gjev og større sjansar for god frukt.

DEN KREATIVE ALLMENNINGEN; DER DEN SKAPANDE TRIVEST

Den kreative allmenningen som modell byggjer på dei prinsipp me no har vore gjennom. Den byggjer på brei deltaking, aktiv inkludering av nye perspektiv, og på prinsippet om at frøet må koma før frukta.

Her er det mange potensielle deltakarar som alle kan spela ei rolle både når det gjeld utvikling og bruk av staden sitt sosiale, kulturelle og naturgjevne ressursgrunnlag. Ressursane er fellesgode, gode som alle i lokalmiljøet skal ha tilgjenge til og som i prinsippet ikkje kan brukast opp. Denne allmenningen er ein skapingsarena beståande av ressursar som forsvinn om dei *ikkje* blir nytta.


Målsetjinga er å få så mange blikk som råd inn mot det felles, lokale ressursgrunnlaget. Me treng dei etablerte aktørane, men me treng også dei nye og gjerne uventa perspektiva. Berre slik kan staden endra karakter frå å vera ferdig definert, og difor i praksis av i går, til å bli *komande* og difor retta mot samtid og framtid.

Designerane ved Moods of Norway har blitt kjende ved å gjera symbol på fortid attraktive i notid. Ekstremспортveka på Voss er bygd rundt dei same fjell, bakkar og elvar som alltid har omkransa bygda. Det er det aktive *blikket* vårt, og evna vår til sjå våre omgivnader som del av *framtida*, som avgjer kor vidt lokalsamfunnet vårt vil framstå som ein attraktiv stad. Det er me som skal skapa endringa, og ikkje omvendt.. Som Nietzsche understrekar, historie og tradisjonar er nyttige når me underlegg dei våre eigne framtidsoverrettede val, men dei er til unytte om me let dei – som etablerte sanningar – få makt og kontroll over oss.⁹

Det er dette den kreative allmenningen handlar om. Dette er ein type felles verdiskapingsarena som kan utvikla seg når mange verdiskaparar får rom til

⁹ Nietzsche, Friedrich 2004: *Historiens nytte og unytte for livet*. N.W. Dahm & Søn.

å leika *fritt* med det felles ressursgrunnlaget. Verdiskaping basert på desse fellesgodene medfører at ressursane utvidar seg og veks. Dette skjer gjennom kvar ny bruk og kvart nye uttrykk:



”Frøside” av modellen vår handlar om brei deltaking frå ei lang rekkje aktørar i utviklinga av dei verdiar me ønskjer at lokalsamfunnet vårt skal prioritera og nytta som grunnlag for fellesskap, trivsel og identitet. ”Fruktside” handlar om å utnytta desse ressursane i økonomisk retta nyskaping og produktutvikling.

Fellessgoda som er nemnde i modellen over er berre døme. Det er me lokalt som skal fylla modellen med innhald. Den skal fyllast med våre ressursar, våre verdiar, våre aktørar. Det er biletet av vår eigen stad som skal stå i midten.



Dette er potensielt ein snøballmodell. Men igjen, for at den skal bli nettopp det må me kunna svara på m.a. følgjande spørsmål:

- *Kva er verdiane/ressursane me ønskjer å samarbeida om? Kven definerer desse?*
- *Kor sterke er dei etablerte sanningane lokalt om korleis desse ressursane kan brukast? Klarar me å gjera desse om til "perspektiv"?*
- *Kven sit på kunnskapen me treng?*
- *Kven er utviklingsaktørane?*
- *Korleis få det nye blikket? Korleis inkludera dei som "aldri" er med i meir tradisjonelt dugnadsprega arbeid?*
- *Korleis er rommet for leik og utprøving?*
- *Kor flinke er me til å sjå og oppmuntra kvarandre? Korleis kan me samarbeida om å etablera ein kultur for meistring og nyskaping?*



KJELDER

Lønning, Dag Jørund, 2005. **Frå Vogge til Mekka. Ein kulturøkonomisk utviklingsstrategi for Morgedal.** Telemarksforskning-Bø, rapport 226.

Lønning, Dag Jørund, 2007: **Fridomen til å skapa. Alternative historier om nyskaping og bygdeutvikling.** Universitetet for miljø- og biovitenskap, Dr. Philos. Thesis 2007:1.

Lønning, Dag Jørund, 2008: **Frå permanens til endring. Ein alternativ bygdeutviklingsmodell med utgangspunkt i Heraklit sine 2500 år gamle tanker.** I Almås, Hauge, Villa and Rye (red.): **Den nye bygda.** Trondheim: Tapir akademisk forlag.

Lønning, Dag Jørund, 2009: **Ringar i vatnet. Innlevingsøkonomi i det kulturelle Hamsunlandskapet Hamarøy.** Bokbyen Hamarøy: Segelfoss forlag.

Lønning, Dag Jørund og Rhys Evans 2010: **Fellesskapsturisme. Reiseliv som kjelde til lokal utvikling. Dømet Ringholmen på Nordmøre.** HLB Rapport nr. 1.

<http://www.hlb.no/images/stories/Fellesskapsturisme.pdf>

Lønning, Dag Jørund, 2011: **Kva er nyskaping? Om fridom, skaparglede, framtid og fellesskap.** Ål: Boksmia forlag.

Lønning, Dag Jørund, 2011: **Den skapande forskaren. Teoretiske, metodiske og strategiske fundament for ei utviklingsretta forskarrolle.** Trondheim: Tapir akademisk forlag

Lønning, Dag Jørund, 2011: **Nytt liv i gamle løer? Midtvegsevaluering av pilotprogrammet "Liv i fjøsan – fra tomme fjøs til nærings- og kulturinstitusjoner"**. HLB Arbeidsrapport nr 1, 2011.

Lønning, Dag Jørund, Johan Barstad og Rhys Evans, 2012: **Tilflyttarar til utkant-Noreg? Tilflyttingsbygda Finnøy viser veg.** HLB Rapport nr 2.

Meir info:

Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling – www.hlb.no

Foto: Side 1, 16 og 17: Vilde Braanaas

Alle andre foto: Dag Jørund Lønning

